

Mark 16,14-20

Til sist viste han seg også for de elleve mens de var samlet til måltid. Han bebreidde dem for deres vantrø og harde hjerter, for de hadde ikke trodd dem som hadde sett at han var stått opp.

Og han sa til dem: «Gå ut i hele verden og forkynn evangeliet for alt som Gud har skapt! Den som tror og blir døpt, skal bli frelst. Men den som ikke tror, skal bli fordømt. Og disse tegnene skal følge dem som tror: I mitt navn skal de drive ut onde ånder, de skal tale nye tungemål, og de skal ta slanger i hendene. Om de drikker dødelig gift, skal det ikke skade dem, og når de legger hendene på syke, skal de bli friske.»

Etter at Herren Jesus hadde talt med dem, ble han tatt opp til himmelen og satte seg ved Guds høyre hånd. Men de gikk ut og forkynte overalt, og Herren virket med og stadfestet Ordet gjennom de tegn som fulgte.

Hver den som elsker, er født av Gud

Kjære søstre og brødre i Kristus. Nåde være med dere og fred fra Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.

Det er djupt meningsfullt å vere samla til bøn og gudsteneste. Vi kjem frå kvar vår stad, med kvar vår bagasje, kvar vår historie. Når vi møtest og kjenner igjen vår tru, vår glede og lengsel, vår sorg og fortvilning hos kvarandre, er *det* faktisk Den hellige ånds gjerning i oss og iblant oss. Den Ånd som blåser dit han – eller kanskje *ho* – vil.

I dagens evangelium har vi høyrte korleis Meisteren sende ut sine disiplar, han gjorde dei til apostlar, til misjonærar eller ambassadørar og sa: *Gå ut i hele verden og forkynn evangeliet for alt som Gud har skapt!*

Slik står det i min nyaste Bibel. I svenske omsetningar står det *för hela skapelsen*, og i engelske biblar *to all creation*.

Ja, slik er den såkalte misjonsbefalinga gjengitt hos Markus. Ikkje rart at den heilage Frans ikkje nøyde seg med å forkynne for tobeinte, men også vende seg til firbeinte og himmelens fuglar.

Når vi no er samla i bøn og under einskapens teikn, skal vi minne kvarandre om at djupast sett høyrer vi uløseleg saman med alt det skapte, alt det som ifølge Romerbrevet *sukker og stønner ... samstemt, som i fødselsrier* – og som *skal bli frigjort fra slaveriet under forgjengeligheten og få den frihet som Guds barn skal eie i herligheten*. Rom 8,21f)

Evangeliet, det glade budskapet som apostlane fekk i oppdrag å forkynne, ja, vi kan våge å tru at dette budskapet har betydning for heile menneskeslekta, for alle oss som er skapte i Guds bilde – og endatil for *alt som Gud har skapt*.

I våre dagar er det umuleg å unngå å høyre korleis skaparverket sukkar og stønner, umuleg å overdøve skrika frå dei naudlidande i Middelhavet, i Syria og i Nord-Afrika, ja, vi møter dei også ved våre europeiske grenser.

Når vi kjem saman for å be om einskap mellom truande, ja, så kan vi vite at denne bønna er etter Guds hjarte, og når vi ikkje heilt veit kva vi skal be om, så kjem *Ånden oss til hjelp i vår svakhet ... og går i forbønn for oss med sukk uten ord* - slik trøystar apostelen oss i Romarbrevets 8. kapittel.

Den tenesta som apostlane fekk, det er ei teneste som spring ut av kjærleiken. Det er Kristi kjærleik som tvingar oss (2 Kor 5,14), ein kjærleik frå Skaparen til alt det skapte, til alt og alle som sukkar og stønner etter forløyninga - frå han som *ved Kristus forsonte oss med seg selv og ga oss forsoningens tjeneste* (v18).

Til sjuande og sist finst det berre éi teneste – og éin tenar, Kristus. Når vi sameinast med han, står vi alle døypte i forsoningens teneste. For vi er alle prestar! Vi er alle tenarar.

Når Jesus i si øvsteprestelege bøn ber for *sine*, ber han også indirekte for alt og alle som Gud har skapt. Han ba - og ber – om at vi skal vere eitt, slik Faderen og Sonen er eitt. Han ba – og ber – for alle som lengtar etter å bli sett fri.

Det hender at eg litt nostalgisk tenkjer tilbake og er litt misunneleg på Peter og Johannes og Markus

og Paulus og dei andre, tenkjer at det var nok lettare den gongen å tru.

Men evangeliet vi nettopp høyrde starta faktisk med bebreidelse for vantrua og dei harde hjarta til dei elleve som var samla til måltid. Plutseleg var han der midt iblant dei, og så seier han: kvifor trudde de ikkje på kvinnene som kom og fortalde at eg var stått opp?

Men så går han rett vidare til oppdraget: *Gå ut i hele verden og forkynn evangeliet!*

Tvilen og vantrua deira diskvalifiserte dei ikkje!

Det kan også vere lett å tenkje at i den tidlege kyrkja var det så mykje enklare å halde saman, før alle oppsplittingar.

Men der trur eg faktisk vi tar forferdeleg feil.

Forskinga viser at mangfaldet allereie i det første kristne århundres menighet var påfallande. Ja, det tok århundre å finne felles ordningar for menighetsliv og gudsteneste, og formulere ei felles truvedkjenning. Fellesskapet vaks fram ettersom dei enkelte særtradisjonane blei slipte av mot kvarandre.

Vi bør ikkje teikne opp eit idealbilde av kyrkja, slik ho eigentleg var, den *sanne* kyrkja, den *udelte* kyrkja, den *ekte* trua. For når vi gjer det, fornektar vi eigentleg kyrkjens historiske natur.

Det finst ingen idealtilstand å vende tilbake til. Kyrkja *er* si historie. Utan denne historia, denne arven, var vi ikkje til – som menigheter, som kyrkje, ja, som kristne.

Den kristne truas berande grunn er at Gud er blitt menneske, og slik faktisk blitt historie. Gud har overlatt seg til oss ved å bli menneske, overlatt seg til historia, til tradisjonen, til vår tradisjonsformidling. Trua og fellesskapet er noko vi får motta, i dag, kvar dag – som ei gåve.

Kristus overga seg til oss, for at vi skal vere hans kropp i verda. Og han er hovudet, ja, han er heile kroppen, og vi får vere lemmer på hans kropp.

Den sanne einskapen finn vi ikkje ved å grave i fortida, for einskapen ligg framfor oss.

Kristendom er ikkje nostalgi, vårt blikk er vendt mot aust, mot soloppgangen, mot den åttande dagen, mot det fullendte Gudsriket.

Mens vi vandrar som pilegrimar på veg heim, ber vi også fram for Gud den verda vi er ein del av. I takk og bøn bringer vi tilbake til Skaparen dei gåvene han har gitt oss å forvalte. Vi er prestar, og vår åndelege gudsteneste er å framføre oss sjølve som eit levande og heilagt offer til glede for Gud. (Rom 12,1)

Materialet til dette årets bønneveke for kristen einskap er laga av dei kristne kyrkjene i Malta og Gozo. På Malta feirar dei 10. februar festen for Paulus sitt skipsforlis, det som blir skildra i Apostelgjerningane kap 27 og 28. Paulus er i lenker og på veg til Roma som fange, men midt i desse umulege omstendighetene brukar Gud han. Mens hav og vind og bølger rasar, og dei er tilsynelatande heilt fortapte og utan håp, lar Gud misjonsoppdraget gå vidare.

Vi opplever også stormar og vi ser menneske i havsnaud på det same havet, flyktningar drivne av eit sterkt håp om ei ny framtid.

Både fortellinga om Guds forunderlege vegar med Paulus og den forferdelege nauda som vi ser våre søstre og brør lide under i våre dagar, forpliktar oss til bøn og kamp for forsoning og rettferd og barmhjertighet og einskap!

For i håpet er vi frelst, skriv Paulus til romarane. *Et håp vi alt ser oppfylt, er ikke noe håp.*

Så la oss halde fast på håpet! La oss gi kjærleiken rom! For *har Gud elsket oss slik* - at han *sendte sin Sønn til soning for våre synder, ... da skylder også vi å elske hverandre*, og ... *hver den som elsker, er født av Gud.* (1 Joh 5,7.10-11)

Ære være Faderen og Sonen og Den Heilage Ande ...